



LINDÅS KOMMUNE

Eining for teknisk drift

Fritjof Kampevold
Sævråsvegen 40
5956 Vågseidet

Reparasjon av dam, utløp Eidsvatnet, og søknad til NVE om konsesjon for regulering og overføring av vatn frå Austevatn og Langavatn-til Eidsvatn. Svar på dykkar spørsmål.

Reparasjon av dammen, utløp Eidsvatn vart utført i 2009 i samarbeid med rettighetshavarane for regulering av elva frå vatnet. (Fjellanger-gårdane) Årsaka var at den då eksisterande steindammen var delvis øydelagt av m.a. is, og hadde stor lekkasje,- og at det var-er behov for å oppretthalda magasinering av vatnet til bruk i tørre periodar. Jf avtale mellom rettighetshavarane og Lindås kommune om bruk av vatnet, og som sidan tidleg på -90-talet har vore nytta som tilleggsforsyning av industrivatn til Mongstad.

Prosjektet vart handsama som ei meldesak- byggjesak, med ansv. prosjekterande (ark. K.W. Jakobsen, og utførande entrepr. Helge Sandvik AS. Ansv. Prosjekterande var ansvarleg for utsending av rekomanderte nabovarsler, og vi ser at dykkar eigedom ikkje fekk varsel om tiltak. Vi beklagar det.

Når det gjeld søknad om konsesjons-søknad til NVE er det ei sak som vart orientert grunneigarane i annonserte møter, der du og var tilstades, 30.okt-2012 på Lindås hotel. Så vart søknad formellt oversendt NVE. NVE har på si side kunngjort søknaden i lokalavisene og BT, og med frister for merknader. Søknad og tilhøyrande dokument vert ikkje sendt til grunneigarar eller andre, og ein må i den samanheng kontakte NVE.

Lindås kommune som søkjar, har enno ikkje motteke svar frå NVE, der søknaden framleis er under sakshandsaming

Lindås kommune, Teknisk Drift, 23.sept.2014

Arne Eikefet
Einingsleiar

John Bauge
prosjektleiar

